



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Tiril Marie Jansen, 51 56 87 06

Utlysing av prosjektskjøn for 2027 - 20 millionar kroner til innovasjon og utvikling i kommunane

Statsforvaltaren i Rogaland har sett av 20 millionar kroner til kommunale innovasjons- og utviklingsprosjekt i 2027. Dette er ein auke på 2 millionar kroner frå året før.

Søknadsfrist: 1. november 2026

Kommunen vil få eit på svar på søknaden medio desember 2026.

Prioriterte område for 2027

FNs berekraftsmål er verdas plan for å løyse store utfordringar som fattigdom, ulikskap og klimaendringar innan 2030. Mykje av arbeidet må skje lokalt, og kommunane spelar ei nøkkelrolle. Innovasjon, samarbeid og nytenking er viktig for å nå måla.

Vi står overfor store demografiske endringar. Talet på eldre aukar, medan delen innbyggjarar i arbeidsfør alder blir mindre. Dette utfordrar kommunane si evne til å levere gode tenester på same måte som i dag. Difor handlar kommunal omstilling om langt meir enn økonomi. Det handlar om å utvikle berekraftige tenester, ta i bruk heile kompetansen i befolkninga og sikre livskraftige lokalsamfunn for framtidige generasjonar. Vi må også sikre at personar med nedsett funksjonsevne får bidra.

Verda er i stadig endring. Krig i Europa, meir ekstremvêr, digitale truslar og nye sjukdomar minner oss om kor sårbart samfunnet vårt kan vere. Samtidig ser vi ein geopolitisk og sikkerheitspolitisk situasjon som er meir uforutsigbar enn på lenge, også for Noreg. I ei slik tid blir samfunnssikkerheit og beredskap viktigare enn nokon gong. Men beredskap handlar ikkje berre om matlager, straumforsyning og kriseplanar. Det handlar også om tillit til kvarandre, til institusjonane våre og til demokratiet. Kommunane står sentralt i dette arbeidet og er ein viktig del av eit trygt og robust samfunn.

Klimaendringane påverkar ikkje berre naturen rundt oss, dei påverkar også kommunane sitt ansvar for tryggleik, tenester og samfunnsutvikling. Meir ekstremvêr, kraftigare nedbør og auka risiko for



flaum og skred stiller nye krav til korleis vi planlegg, byggjer og forvaltar lokalsamfunna våre. Kommunale bygg, vegar, vass- og avløpsanlegg må vere rusta for eit klima i endring, samtidig som vi må redusere eigne utslepp gjennom smarte løysingar og berekraftige val. Klimatiltak og klimatilpassing er difor ikkje berre miljøpolitikk, men god kommuneleiing og investeringar i framtidens lokalsamfunn.

Følgjande prosjekt blir prioriterte:

- større prosjekt, helst i samarbeid mellom fleire kommunar
- prosjekt som møter utfordringar med befolkningsutvikling og kommunal omstilling, her inngår strategisk kompetanseutvikling
- prosjekt på området samfunnstryggleik og beredskap
- prosjekt som arbeider for klimatilpassing og klimatiltak

Krav og vurderingskriterium

Prosjektet skal:

- vere godt forankra i kommunal leiing og blant tilsette
- ha ei tydeleg målsetting og realistisk prosjektplan
- skildre utfordringar og løysingar som skal testast
- ha budsjett/kostnadsoverslag
- innehalde plan for deling av erfaringar med andre kommunar
- ha kommunal eigenfinansiering
- vise kva prioritet prosjektet har dersom kommunen søker tilskot til fleire prosjekt

Merk:

- Vi gir ikkje støtte til ordinær drift, ordinære investeringar eller næringsutviklingsprosjekt.
- Det er berre kommunar som kan være søker og ansvarleg for prosjektet.
- Kommunane kan samarbeide med andre aktørar, lag og foreiningar.

Statsforvaltaren vil i tillegg leggje vekt på overføringsverdi til andre kommunar og ta geografiske omsyn ved fordelinga.

Fleirårige prosjekt

Kommunen kan søkje støtte til same prosjekt i inntil tre år, men er ikkje garantert tilskot for meir enn eitt år om gangen. Det må gå fram i søknaden at prosjektet er planlagt over fleire år. Kommunen må sende ein ny søknad kvart år.

Rapportering

For å sikre god dokumentasjon og overføringsverdi, skal kommunen levere:

- sluttrapport ved avslutta prosjekt: måloppnåing, erfaringar, gevinstrealisering og rekneskap
- undervegsrapport dersom prosjektet ikkje er ferdig

Rapportering av prosjekt som startar i 2027: 1. mars 2028

Dersom prosjektet ikkje blir gjennomført som planlagt, skal kommunen rapportere dette og betale tilbake ubrukt tilskot.

Korleis søkje?

Kommunen skal sende inn søknad via søknads- og rapporteringsportalen:

<https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no>



Informasjon om pågående og tidlegare prosjekt: <https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no/offentlig>

Digitalt informasjonsmøte

Tidspunkt: Torsdag 24. sept. 2026 kl. 10.00–11.00

Stad: Teams

Påmelding her: [Påmelding til informasjonsmøte om tilskudd til innovasjon og utvikling for 2027 - Google Skjemaer](#)

Kontaktpersonar

- Tiril Marie Jansen – tlf. 51 56 87 06
- Kristine Enger – tlf. 51 56 88 28

Med helsing

Monica Nessa (e.f.)
avdelingsdirektør

Tiril Marie Jansen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Randaberg kommune	Postboks 40	4096	Randaberg
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen